



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 24

(2004–2005)

## Om lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 26. november 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Om hovudinnhaldet i proposisjonen

Justisdepartementet legg her fram forslag om gjeninnføring av eigendel i lov om fri rettshjelp. Forslaget er tilnærma likt det forslaget som blei fremma i Ot. prp. nr. 37 (2001–2002) Om lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp, og som blei drøfta i St. meld. nr. 25 (1999–2000) Om fri rettshjelp, jf. Innst. S. nr. 181 (1999–2000).

Forslaget er omtalt i St. prp. nr. 1 (2004–2005) under kapittel 470 Fri rettshjelp.

Departementet foreslår at dei som får fri rettshjelp i behovsprøvde saker skal betale eigendel. I saker som ikkje går for domstolane (fritt rettsråd), foreslår departementet at eigendelen tilsvavar ein fast sum (grunndel). I saker som går for domstolane (fri sakførsel) ser departementet for seg at ein skal betale eigendel på 25 % av kostnadene i saka, men med eit tak, slik at den totale eigendel ikkje overstig fem gonger grunndelen. Grunndelen bør etter departementet sitt syn vere lik timesatsen som det offentlege betaler rettshjelpa med (salær-satsen), eksklusiv meirverdiavgift.

Departementet foreslår ei inntektsgrense for å betale eigendel på kr 100 000,-.

Forslaget inneber at den advokat som har ytt rettshjelpa skal stå for innkrevjing av eigendelen.

### 2 Departementet sitt høyringsbrev av 06.10.2004

Justisdepartementet utforma eit høyringsbrev med framlegg om gjeninnføring av eigendel i lov om fri rettshjelp. Brevet blei sendt på høyring hausten 2004 til følgjende adressatar:

Arbeids- og administrasjonsdepartementet

Barne- og familidepartementet

Finansdepartementet

Sosialdepartementet

Fylkesmennene

Högsterett

Lagmannsrettane

Tingrettane

Trygderetten

Rikstrygdeverket

Statens Innkrevjingssentral

Forbrukarombodet

Fylkesnemndene for sosiale saker

Den Norske Dommerforening

Den Norske Advokatforening

Norges Juristforbund

Juss-Buss

JURK

Jussformidlingen i Bergen

Jushjelpa i Midt-Norge

Juss hjelpe i Nord-Norge

Oslo kommune fri rettshjelp

Rettshjelplskontoret i Indre Finnmark

Departementet har motteke skriftlege utsegn frå følgjande:

Arbeids- og sosialdepartementet, Barne- og familie-departementet, Finansdepartementet, Moderniseringsdepartementet, Fylkesmennene i Oslo og Akershus, Vest-Agder, Buskerud, Nordland, Sogn og Fjordane, Hedmark, Sør-Trøndelag, Østfold, Rogaland, Troms, Den Norske Advokatforening, Høgsterett, Borgarting lagmannsrett, Trygderetten, Drammen tingrett, Solør tingrett, Statens innkrevingsentral, Forbrukarrådet, Jusshjelpa i Nord-Norge, JURK

### **3 Framlegg om lovendring om eigendel**

#### *Innleiing*

Reglane om fri rettshjelp blei gitt i lov 13. juni 1980 nr. 35. Fri rettshjelp kan ein få som fritt rettsråd, fri sakførsel eller fritak for rettsgebyr. Grensa mellom fritt rettsråd og fri sakførsel følgjer i hovudsak grensa mellom saker i og utafor rettargang. Rettshjelpslova gjev borgarane krav på fri rettshjelp utan omsyn til inntekt eller formue i nokre sakstypar. I slike saker dekkjer det offentlege alle kostnadene ved saka. I andre saker stiller lova opp økonomiske vilkår for å få fri rettshjelp (behovsprøvde saker). I slike saker måtte mottakaren av fri rettshjelp før 1. september 2003 betale ein eigendel. Ordninga med eigendel blei innført 1. januar 1997. Eigendelen var sett sammen av ein grunndel på 300 kroner som alle måtte betale utan omsyn til inntekt og formue, og uavhengig av det omfang rettshjelpa hadde. Dessutan måtte personar med ei årleg bruttoinntekt over 70/90 000 kroner (avhengig av forsørgingsbyrde) betale ein tilleggsdel på 25 % av kostnadene ved rettshjelpa.

Eigendelen blei rekna ut av den instans som hadde gjort vedtak om å innvilge fri rettshjelp. Inndrivinga skjedde gjennom Statens innkrevingsentral, slik at advokaten fekk fullt oppgjer frå det offentlege.

I Ot. prp. nr. 37 (2001–2001) foreslo departementet ei omlegging av eigendelsordninga for å frigjere offentlege ressursar gjennom eit enklare og mindre ressurskrevjande regelverk, samstundes som ordninga skulle bli meir oversiktleg og mindre tidkrevjande for det rettssøkjande publikum. I Innst. O. nr. 67 (2001–2002) kom fleirtalet i Stortingen sin justiskomite derimot til at ordninga med eigendel ved fri rettshjelp blei oppheva. Fleirtalet meinte at systemet med eigendelar dels undergrov

ei oppfatning om at fri rettshjelp skulle vere gratis ut frå fastsette velferdsmessige føresetnader. Fleirtalet meinte vidare at departementet sitt framlegg hadde overdriven tru på den preventive verknaden av eigendelar.

Etter dette fall eigendelsordninga i lov om fri rettshjelp bort 01.09 2003. Personar med ei årleg brutto årsinntekt under 230 000 kroner kan no, utan sjølv å bli påført kostnader, få fri rettshjelp i saker som høyrer inn under rettshjelpslova.

#### *Departementet sitt framlegg i høyringsbrevet*

I samsvar med justiskomiteen sine utsegn i Innst. S. nr. 181 (1999–2000), meiner departementet at ein treng ei ordning med eigendelar. Brukarane bør vere med å betale for ordninga, sjølv om inntektene frå eigendelane likevel berre utgjer ein liten del av dei samla offentlege utgiftene til fri rettshjelp. Ordninga med fri rettshjelp utan eigendel har no eksistert i eit år. Tal frå staten sine rekneskap indikerar ei auking i utgiftene på om lag 25 % i den del av utgiftene som knyter seg til dei behovsprøvde sakene under kapittel 470 i statsbudsjettet. Av omsyn til behovet for å prioritere knappe ressursar og for å få større kontroll med utviklinga av utgiftene, foreslår departementet å gjeninnføre eigendelar på den delen av fri rettshjelp som er behovsprøvd.

Departementet meiner det på sikt er viktig med ei omprioritering av dei ressursane som i dag nytast til fri rettshjelp. Difor meiner departementet at ein må gå bort frå systemet som gjeld i dag ved at ei gruppe i befolkningen får dekt alle sine kostnader ved ei sak, til eit system der fleire får dekt deler av sine kostnader til naudsynt juridisk bistand. Ei ordning med eigendel kan gjere det mogleg å gje fri rettshjelp til ei større gruppe av befolkninga.

Departementet ser gjeninnføring av eigendelar som ei ledd i eit vidare arbeid med sikte på å sikre rettshjelp til eit breiare lag av befolkningen. Departementet har fokus på at rettane til den enkelte borgar i samband med juridisk bistand og konfliktløsing må ivaretakast best mogleg. Departementet arbeider både med oppfølging av Tistemålsutvalget og Advokatkonkurranseutvalget. I den samanheng vil departementet vurdere ordninga med fri rettshjelp med sikte på å betre det totale rettshjelpstilbodet til borgarane, og å nå eit breiare lag i befolkningen enn dei som i dag kjem inn under dei økonomiske vilkåra i rettshjelpslova.

Ein måte å oppnå dette på er til dømes ei meir gradert rettshjelpsordning, der ei større gruppe enn i dag kjem inn under inntektsgrensa i lova, men slik at det offentlege dekkjer ein større del av utgiftene til dei med lågast inntekt. Ved ei slik gra-

dert ordning vil fleire kome inn under ordninga, og advokatbistanden vil totalt sett blir rimelegare for ei større gruppe enn i dag ved at salæret blir fastsett etter den offentlege salårsatsen og det offentlege dekkjer deler av utgiftene. Slik ordninga er i dag, må dei med inntekt over 230 000 kroner bære heile advokatrekninga sjølv og med den ordinære timesatsen advokaten tar.

Som i drøftinga i rettshjelpsmeldinga og i Ot. prp. nr 37 (2001–2002), finn departementet at dei beste grunnar talar for at eigendelen må vere eit forutsigbart beløp. Departementet foreslår at det i fritt rettsrådssaker skal betalast ein fast eigendel tilsvارande ein grunndel. I saker med fri sakførsel, der bistanden i typetilfella er meir omfattande, ser departementet for seg at det skal betalast ein eigendel på 25 % av kostnadane i saka, men med eit tak, slik at den totale eigendel ikkje overstig fem gonger grunndelen.

Advokatar som tar oppdrag i staffesaker og i bebefiserte saker får salær etter ein timesats fastsett av det offentlege. Den offentlege salårsatsen er pr. i dag 770 kroner. Etter departementet sitt syn er det naturleg å knytte eigendelen på fri rettshjelp til den offentlege salårsatsen, fordi denne sakleg sett ligg nær ordninga med fri rettshjelp. Med ein eigendel (grunndel) lik salårsatsen betaler klienten sjølv i realiteten den første timen med advokathjelp. Klienten skal ikkje betale meirverdiavgift av eigendelen. Det offentlege dekkjer meirverdiavgifta, som så blir betalt til advokaten saman med at han/ho får dekt sitt salær i saka. Departementet vil leggje til rette for at eigendel kan bli kravd inn på forskot. Når oppdraget er avslutta, sender advokaten sitt salærkrav til det offentlege med frådrag av eigendelen.

*Arbeids- og sosialdepartementet, Barne- og familidepartementet, Finansdepartementet, Moderniseringsdepartementet, Konkurranseetilsynet, Fylkesmannen i Hedmark, Fylkesmannen i Nordland, Fylkesmannen i Vest-Agder, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Østfold, Trygderetten og Statens innkrevjingssentral* er i hovudsak positive til framlegget.

*Solør tingrett* anser framlegget for å vere gunstigare enn den tidlegare ordning med eigendel. Tingretten har inntrykk av at det, særleg i familiesaker, er ein overhypighet av parter med fri sakførsel og at ordninga med fri rettshjelp synes å bidra til å oppretthalde konfliktar som parter uten fri rettshjelp klarer å leggje bak seg. Tingretten ser difor positivt på tanken om ei meir gradert rettshjelpsordning, slik at fleire får hjelp i staden for at nokon får dekt alle sine utgifter som i dag. Tingretten har tru på ein eigendel som virker motiverande

på partane i ei sak for å finne fram til ei omforent løysing.

*Borgarting lagmannsrett* er imot å gjeninnføre eigendelar så kort tid etter ordninga fall bort.

*Drammen tingrett* meiner eigendelar for fri rettshjelp med slike beløp som er foreslått ikkje vil få innverknad verken på staten sine inntekter eller avgrensing av unødige tvistar. Vidare tas det til orde for ei kartlegging av i kva for ein grad det faktisk skjer ei sakleg behovsprøving etter rettshjelpsloven § 18, og kva for moglegheiter ein har til å avgrense unødige tvistemål, særleg i barnefordelingssaker.

*Forbrukarrådet* støtter ikkje gjeninnføring av eigendelar på fri rettshjelp no, men ser likevel ikkje bort frå at eigendelar kan bli naturleg i framtida, til dømes i ei meir gradert rettshjelpsordning som skissert av departementet. Dersom gjeninnføring likevel blir vedtatt, meiner Forbrukarrådet at grunndelen ikkje bør settjast høgere enn 500 kroner og at det bør bli åpna for at tilleggsdelen kan fråfallas i særlege tilfelle.

*Jusshjelpa i Nord-Norge og JURK* er negative til gjeninnføring av eigendelar på fri rettshjelp. Dei viser m.a. til at ordninga med gratis fri rettshjelp berre har vart i eit år og at framlegget til gjeninnføring av eigendel vil hindre dei med därleg økonomi å nytte seg av ordninga med fri rettshjelp.

*Den Norske Advokatforening* går imot framlegget om gjeninnføring av eigendel for fri rettshjelp. Dei viser til at det er ei grunnleggjande rett å ha ein reell fri tilgang til å bringe ein konflikt inn for domstolsapparatet. Advokatforeninga meiner vidare at forskotsinnkrevjing av eigendelar for ressurssvake reelt vil virke som ei rettsnekting. Foreninga anfører òg at advokaten si innkrevjing av eigendelar reiser etiske spørsmål ved at ein klient som ikkje betaler eigendelen blir utsett for rettsleg inndriving frå advokaten, og dermed har små moglegheiter til å finne ny advokat i saka. Vidare heiter det i fråsegna at gjeninnføring av eigendel med eit innslagspunkt basert på den inntektsgrensa departementet har foreslått, vil kunne representere eit brot på Den europeiske menneskerettighetskonvensjon (EMK) art 6 om «access to court».

Departementet meiner innføring av moderate eigendelar slik som foreslått ikkje representerer rettsnekting for dei borgarar som ønskjer ei rettslig prøving av saka si for domstolane. Det er viktig for departementet at borgarane får best mogleg juridisk bistand i samband med ivaretaking av sine grunnleggjande rettar. Ved ei omprioritering av ressursane som i dag medgår til fri rettshjelp, er det sjølvsagt viktig å ta omsyn til dei med minst ressursar. Departementet vil hevde at eigendelsordninga som er foreslått er rimeleg, og ikkje fører til

ei vesentleg auka byrde for disse. Departementet er av same grunn heller ikkje samd i tolkinga av EMK art. 6 om «access to court». Det kan ikkje uteleis av EMK art. 6 at fri rettshjelp skal vere gratis. Når det gjelder inntektsgrensa på 100 000 kroner vil departementet peike på at det framleis går saker for norske domstolar der den som mottar fri rettshjelp skal betale eigendel etter den «gamle» ordninga dersom han eller ho har ei inntekt over 70/90 000 kroner (avhengig av forsøringsbyrde).

*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane* er i hovudsak positiv til framleggget, men reiser spørsmål ved om ikkje aukinga i utgifter til fri rettshjelp etter 01.09.2003 også kan ha andre årsaker. Fylkesmannen peiker på at det ikkje er gjort ei oppsplitting av kostnadene på dei ulike sakstypane og viser til dømes til familiesakene der det er grunn til å tru at ettersurnaden i større grad vert påverka av inntektsgrensa enn eigendelen. Fylkesmannen viser også til at aukinga av inntektsgrensene for fri rettshjelp og i den offentlege salårsatsen må ha ført til ei auking i utgiftene til fri rettshjelp. Når det gjeld eigendel i fri sakførselsak der ein part i dommen blir tilkjent sakskostnadene, foreslår Fylkesmannen at det i forskrift til rettshjelpslova tas inn ei føresegr om at den som taper rettssaka og skal bære sakskostnadene også skal dekkje eigendelen til den andre parten.

Departementet viser til at ordninga med eigendel på fri rettshjelp fall bort 01.09.2003, og at det på den relativt korte tida som har gått er vanskeleg å trekke eksakte konklusjonar om årsaksfaktorar. Vi kan ikkje sjå bort frå at kostnadsauken på 25 % til ein viss grad også skyldes heving av inntektsgrensa for fri rettshjelp. Det avgjerande for departementet er at det er ei vedvarande kostnadsauke på kapitelet dei siste åra, og at ein ved å gjeninnføre eigendeler får ein moglegheit til å kontrollere utgiftene og prioritere knappe ressursar innan justissektoren. Når det gjeld domstolen si ileyding av sakskostnader meiner departementet at føresegrnene i tvistemålsloven regulerer dette.

*Fylkesmannen i Sør-Trøndelag* er samd i forslaget om gjeninnføring av eigendelar. Fylkesmannen tar vidare til orde for ei meir nyansert eigendelsordning der eigendelen aukar i omfattande saker. Konkret foreslår Fylkesmannen at dersom timeforbruket i ei sak med fritt rettsråd overstig 15 timer, skal det betalast ny eigendel. Eigendelen i fri sakførselsaker bør vere 25 % av utgiftene, men ikkje meir enn 10 gonger grunndelen. Fylkesmannen tar vidare opp moglegheita for å søkje om fråfall av eigendel dersom ein eigendel vil bli svært byrdefull for den som mottar rettshjelpa. Dersom ei slik ordning vert innført, bør søkeren etter Fylkesmannen sitt for-

slag avgjeraast av vedkommande domstol eller forvaltningsorgan som handsamar sjølve saka.

Departementet peiker på at dei fleste standardiserte ordningar vil medføre uheldige resultat i enkelthøve, og ser at ei løysing med same eigendel i ei sak som tar 3 timer og ei som tar 30 timer kan vere urimeleg. I samband med gjeninnføring av eigendel for fri rettshjelp har derimot departementet lagt avgjerande vekt på at ordninga skal vere enkel å administrere. Da Justiskomiteen i Innst. O. nr. 67 (2001–2002) vedtok at eigendelsordninga skulle opphøre, var det eit vesentleg argument at ordninga var dyr å praktisere, og dermed ikkje kostnadseffektiv. Ved ei gjeninnføring som nå er foreslått vil departementet söke å unngå at dette blir resultatet.

Ut frå det som er kome fram i høyingsrunden, held departementet fast ved framlegg i høyingsbrevet. Ved utforminga av forslaget om gjeninnføring av eigendelar på fri rettshjelp, legg departementet vekt på at ordninga skal vere enkel for brukarane og rimeleg å administrere. Departementet meiner at ei moderat bruk av eidendelar ved behovsprøvd fri rettshjelp ikkje vil føre til at borgarar vil lide rettstap som følge av manglande økonomisk evne. Bruk av eigendelar med dei beløp det her er tale om vil difor neppe bli oppfatta som urimeleg av det rettssökjande publikum. Også i andre sosiale støtteordningar, til dømes i helsevesenet, er det vanleg med eigendelar. Det same gjeld for rettshjelp etter private forsikringsordningar.

Departementet legg vekt på at fri rettshjelp er ei offentleg støtteordning. Med ein eigendel som her blir skissert, vil støtta frå det offentlege likevel klart utgjere den vesentlege del av dei totale utgiftene i saka. Dette er særleg fremtredande i saker for domstolane (fri sakførsel).

### *Om inndriving av eigendel*

I høyingsbrevet blei det gjort framlegg om at advokatane bør stå for utrekning og innkrevjing av eigendelane. Eit sentralt omsyn bak forslaget er ønsket om ei kostnadseffektiv eigendelsordning. Dette har vært et vesentleg moment for justiskomiteen ved tidlegare handsaming av spørsmålet.

Fleire høyingsinstansar, til dømes *Den Norske Advokatforening* og *Forbrukarrådet* meiner at inndriving av eigendelane bør vere ei offentleg oppgåve.

Departementet held fast ved at det er den beste løysinga, og nærmast ein føresetnad for forslaget, at advokatane står for innkrevjinga av eigendelen. Departementet kan vanskeleg sjå kvifor ein advokats innkrevjing av ein moderat eigendel i fri

rettshjelppssaker skal stå i ei anna stilling enn innkrevjing av salær generelt. Departementet viser vidare til at etter den finske og svenske rettshjelpsordninga krev advokatar også inn eigendel.

Erfaringar frå eigendelsordninga som eksisterde fram til 01.09.2003 viste at offentleg innkrevjing av eigendelane var svært ressurskrevjande. I rettshjelppmeldinga (St.meld. nr. 25 (1999–2000) blei det lagt fram utrekningar som viste at dei administrative kostnadene ved innkrevjing utgjorde ca. 60 % av inntektene av eigendelsordninga. I meldinga blei det foreslått at advokatane burde rekne ut og krevje inn eigendelane. Justiskomiteen støtta den gong forslaget, jf. Innst. S. nr. 181 (1999–2000), og eit slikt system blei så lagt til grunn i Ot. prp. nr. 37 (2001–2002).

Departementet meiner innkrevjing av salær er ein naturleg del av advokatverksemda, samstundes som det ikkje medfører uturvande administrative kostnader for det offentlege. Det leggjer også best til rette for ei eventuell omlegging av rettshjelpsordninga etter finsk modell.

I fri rettshjelppssaker, der det offentlege dekkjer salærret, vil advokaten si innkrevjing aleine gjelde eigendelen. I dei fleste sakene vil eigendelen berre bestå av grunndelen, d.v.s. salærssatsen, som advokaten kan krevje inn samstundes med at han/ho tek på seg oppdraget. Departementet legg til grunn at sjølv ressurssvake klientar vil kunne klare å forsksbeta ein eigendel tilsvarende 1 gong den offentlege salærssatsen. Departementet viser i denne samanheng til ordninga med eigendeler for legetenester der eigendelstak 1 er på 1 550 kroner utan omsyn til inntekt, og eigendelstak 2 på 4 500 kroner, også her utan omsyn til inntekt.

#### *Om inntektsgrensa for å betale eigendel*

I høyringsbrevet blei det gjort framlegg om at inntektsgrensa for kven som skal betale eigendel blei satt til 100 000 kroner. Fleire høyringsinstansar har teke opp spørsmålet og meiner at den foreslattede inntektsgrensa er for låg.

Departementet har merka seg synspunkta, men ut frå kostnadsomsyn, finn ein likevel å helde fast ved framlegget om ei inntektsgrense på 100 000 kroner.

Det blir òg sett hen til at inntektsgrensa under den gamle ordninga med eigendelar var 70/90 000 kroner avhengig av forsørgingsbyrde. Det er framleis brukarar av fri rettshjelp som må betale eigendel etter den gamle ordninga, og av omsyn til likehandsaming finn departementet det riktig å berre foreta mindre justeringar av grensa for å betale ei-gendel.

## 4 Økonomiske og administrative følgjer

Utgiftene til fri rettshjelp blir førté under kapittel 470 Fri rettshjelp i statsbudsjettet. Eigendelane som framleis kjem inn frå ordninga som blei oppheva 01.09.2003 blir førté som inntekt på kapittel 3470 Fri rettshjelp.

Ei gjeninnføring av eigendelar på fri rettshjelp vil føre til ein reduksjon av utgiftene til fri rettshjelp og fordrar ikkje noko inntektskapittel. Med eit definert nivå på eigendelen i form av grunndel og multiplikator, og eit innkrevjingssystem som nemnt, har departementet rekna ut at utgiftene på kapittel 470 blir redusert med om lag 58 mill. kroner.

Da eigendelane blei oppheva 01.09.2003, blei det lagt til grunn at domstolane ville få meir å gjere og kapittel 410 blei av den grunn auka med 5.7 mill. kroner. Ved ei gjeninnføring av eigendelar, slik departementet går inn for her, må det skje ein reduksjon i dette kapittelet. Det er tatt høgde for dette i St.prp. nr. 1 (2004–2005), jf. omtalen av kapittel 410 om Tingrettene og Lagmannsrettene.

## 5 Merknader til dei einskilde paragrafane

### Til § 3

Paragrafen fastset at det er advokaten som skal drive inn eigendelen i saker med fri rettshjelp. Om grunngjevinga viser departementet til punkt 3 ovenfor.

### Til § 9

Paragrafen gir regler om når det skal svarast eigendel, og storleiken på eigendelen i saker med fritt rettsråd og fri sakførsel. Etter første ledd skal det i saker der fri rettshjelp er gitt utan behovsprøving, ikkje svarast eigendel. Dette gjeld for saker som høyrer under rettshjelpslova § 13, første ledd og § 22, tredje ledd.

Etter tredje ledd er det i saker med fri sakførsel fastsatt ei maksimalgrense for eigendelen på 5 gonger salærssatsen/grunndelen. Føresegna om at det skal svarast eigendel på 25 % av dei samla utgiftene vil i saker der advokatens bistand ikkje overstiger 20 timer føre til at eigendelen blir lågare enn maksimalgrensa.

Eigendelen blir fastsett for kvar sak. I enkelte sakstypar vil det bli spørsmål om kva som kan reknas som ei sak. Til dømes vil slike spørsmål dukke opp i saker om fellesieseskifte og barnefordeling.

Stykkprisforskrifta vil tene som rettleiing her. I saker med fri sakførsel må det avgjerande for fastsetting av eigendelar vere hvilke deler av saka som er overført til søksmåls former. I samsvar med tidlegare praksis skal det reknas ein eigendel for kvar rettsinstans saka er bragt inn for. Førebelts rettergangsskritt inngår i denne relasjon som ein del av tingrettens handsaming av saka.

Ein viktig grunn for gjeninnføring av ordninga med eigendel for fri rettshjelp er at ordninga skal vere enkel å praktisere. På denne bakgrunn, og med omsyn til at størrelsen på eigendelen er mode-

rat, skal det ikkje vere høve til å søke om å få ettergitt eller redusert den fastsatte eigendel.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp.

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### **til lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp**

I lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp blir det gjort følgjande endringar:

#### I

§ 3 andre ledd skal lyde:

For arbeid som betales av det offentlege *skal den som yter fri rettshjelp kreve inn egenandel fra klienten etter § 9. Det kan ikke kreves eller mottas ytterligere vederlag av klienten.*

Ny § 9 skal lyde:

*Mottaker av fri rettshjelp i behovsprøvde saker skal betale en egenandel av utgiftene til bistand etter*

*denne lov. Egenandelen beregnes ut fra en grunndel tilsvarende gjeldende salørsats for straffesaker og befrierte saker.*

*Ved fritt rettsråd betales en egenandel tilsvarende grunndelen.*

*Ved fri sakforsel skal det betales en egenandel på 25 % av utgiftene, men ikke mer enn 5 ganger grunndelen.*

*Nærmere bestemmelser for beregning av egenandel fastsettes i forskrift*

#### II

1. Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.
  2. Kongen kan gje nærmare overgangsreglar.
-

